



Roy Lervåg kjem med gladmeldinga.

**Dagens gladnyhet under den store kundefesten til Spar kom då kokken Roy Lervåg gjorde kjent frå scenen at han skal starta drift i lokala der Systrene Nilsen tidlegare dreiv restaurant. Ekstra god vart nyheten av at det er Lervåg som skal stå for drifta. Han er godt kjent for kvinnherringane som ein meisterkokk av høg klasse.**

Roy Lervåg er opphavelg frå Ålesund, men kom til Bergen for vel 20 år sidan. Etter det har mykje i livet hans dreidd seg om mat, og å finna fram til dei gode smakane. I Bergen jobba han mellom anna på velrenomerte Colonialen Restaurant. Frå 2005 har han i stor grad vore til glede for kvinnheringar og tilreisande til vår kommune som set pris på gode smaksopplevingar. Først var han på Baroniet frå 2005 til 2010, og dei 3 siste sesongane har han vore på Rosendal Turisthotell. Heile tida har ryktet om den gode maten fulgt han.

Når han no leiger lokala i sjøkanten, tar han steget og skal driva for seg sjølv. Han fortel om at han har hatt ein tanke om det lenge, og han har også ei tid i denne prosessen hatt det aktuelle lokalet i tankane.  
 - Det er eit flott lokale med stort potensiale, seier Lervåg og håpar han skal ha alle formalitetar i orden slik at han kan starta opp midt i november. Fram mot jul vert det då selskap, cateringverksemd og sjølvstjukt julebord. Frå januar reknar han i tillegg med å ha ope i helgene. Dessutan vil han starte opp med ulike kurs som vinkurs, matkurs og ølkurs.  
 Han er også interessert å ha kontakt med lokale matprodusentar. Også lokale uetablerte kunstnarar ønskjer han å koma i kontakt med, med tanke på utsmykking av lokalet.

Når det gjeld namnet, ønskte han noko historisk knytta til Uskedalen. Etter å ha lese på Uskedal Utvikling, fann han Oska som eit naturleg og godt namn på mathuset. Matkonseptet hans heiter Smakifrå, og dermed vert det Smakifrå Oska.

Vi er sikker på at både uskedelingar og andre skal få nyta mange herlege smaksopplevingar i det koselege lokalet i sjøkanten framover. De kan lesa meir om den gledelege saka i [Kvinnheringen](#).



[Snart vert det Smakifrå Oska her.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland